



Ditt liv – din plan

Til deg som kan ha behov for langvarige og koordinerte tenester

Om retten til individuell plan, koordinator og barnekoordinator

Individuell plan, koordinator eller barnekoordinator kan vere noko for deg som har behov for langvarige og koordinerte tenester.

Behovet må vere forventa å vare over ei viss tid, men treng ikkje å vere permanent.

Koordinator eller barnekoordinator skal sikre samordning av tenestene og framdrift i arbeidet med den individuelle planen.

Kva er ein individuell plan?

Ein individuell plan blir utarbeidd i samarbeid mellom deg og tenesteytarane dine. Pårørande eller familie kan også delta i arbeidet dersom du ønskjer det. Planen beskriv samarbeidet mellom tenestene, og bidrar til at du får eit heilskapleg, koordinert og individuelt tilpassa tenestetilbod. Planen blir oppdatert fortløpande og er basert på måla og behova dine.



Viktig innhald er:

- Kva som er viktig for deg
- Kva tenestene skal gjere
- Kven som har ansvar for kva, og til kva tid

Alle du har behov for tenester frå (t.d. NAV, skule, barnevern, barnehage, helse og omsorg), bør inngå i planprosessen.

Kva er ein koordinator?

Koordinator er ein av fagpersonane dine som har ei særleg oppgåve i å sørkje for at tenestene samarbeider opp mot felles mål – dine mål – og at du får ei heilskapleg, samordna og koordinert oppfølging. Du kan gi uttrykk for kven du ønskjer som koordinator.


Du har rett på koordinator sjølv om du takkar nei til ein individuell plan.

Kva er ein barnekoordinator?

Når ein familie har eller ventar barn med alvorleg sjukdom, skade eller nedsett funksjonsevne, og barnet vil ha behov for langvarige og samansette eller koordinerte helse- og omsorgstenester og andre velferdstenester, har familien rett på ein barnekoordinator.

Barnekoordinator skal mellom anna koordinere velferdstenestene til familien og barnet og passe på at kommunen innfrir ansvaret sitt for oppfølging og tilrettelegging. Det er ofte ein av fagpersonane som barnet og familien har kontakt med, som blir oppnemnd som barnekoordinator. Familien og barnet kan kome med ønskje om kven dei vil ha som barnekoordinator.

Retten til barnekoordinator gjeld sjølv om ein takkar nei til ein individuell plan.



Kva vil det seie for deg å ha ein individuell plan og koordinator eller barnekoordinator?

- Du og eventuelt pårørande og familien blir involverte i planlegginga av korleis ein skal yte tenestene du har behov, og planen vil vere basert på måla dine.
- Du eller familien har ein koordinator eller barnekoordinator som har oversikt over situasjonen, og har rolla som teamleiar.
- Samarbeid og koordinering kan gjere at du får meir ut av tenestene, men du får ikkje nødvendigvis fleire tenester.
- Du bestemmer kva opplysningar som skal delast mellom tenesteytarane.

Korleis få ein individuell plan og koordinator eller barnekoordinator?

Personellet i tenestene skal informere om og tilby deg og eventuelt familien ein individuell plan, koordinator eller barnekoordinator når det er aktuelt. Du kan også be om det sjølv. Ta i så fall kontakt med den koordinerande eininga i kommunen din.

Dersom du er innlagt på sjukehus, vil sjukehuset tilby deg koordinator, melde frå til kommunen om behovet for individuell plan og koordinering, og samarbeide med kommunen om oppfølginga dersom det er aktuelt.

Har du spørsmål eller vil melde behov for koordinering?

Her kan den som gir deg denne brosjyren, skrive inn kontaktinformasjon.

Namn:

Tlf:

E-post:

Adr.:

Dersom du ikkje veit korleis du kjem i kontakt med den koordinerande eininga, kan du spørje helsepersonell eller ringje sentralbordet til kommunen eller sjukehuset.

Rett til å klage

Dersom du meiner at retten til individuell plan, koordinator eller barnekoordinator er broten, kan du klage på dette.

Les meir om individuell plan, koordinator og barnekoordinator på www.helsenorge.no.